



Arkivsaknr: 2025/9587-1
Sakshandsamar: Kristin Nåmdal
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Planprogram for arealbruk og mobilitet- høyringsvar frå Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune si høyringsuttale til planprogram for regional plan for arealbruk og mobilitet er oppsummert under kommunedirektøren si tilråding i saksframlegget.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling utval for areal, plan og miljø.

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med ny, regional plan for areal og mobilitet. Det er planprogrammet som er på høyring. Programmet skal skildre føremålet med planen, gje ei oversikt over sentrale tema og problemstillingar.

Føremålet med den regionale planen er å fastsetje strategiske føringar for areal og mobilitet i Vestland. Planen skal styrke samordninga mellom utbygging til ulike føremål og infrastruktur for transport, energi og tenester. Desse behova skal samstundes balansera mot omsynet til klima, natur, landskap og kulturminne.

Planarbeidet skal samle alle regionale arealføringar i ein heilskapleg plan og gje retningslinjer og rammer for framtidig utbygging. Planen er tverrsektoriell og skal erstatte fleire eksisterande regionale planar og temaplanar.

Planen vil ha betydning for arealforvaltninga og mobilitetsarbeidet i Alver kommune.

Frist for å gje uttale til planen er 10. oktober. Alver har fått utsett frist til 20. oktober.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Regionale planer kan vere førande for arealpolitikk i Alver og plan for arealbruk og mobilitet vil vere ein sentral plan for Alver si arealutvikling.

Sakshistorikk

Alver kommune gav uttale til utviklingsplan for Vestland, der var regional plan for arealbruk og mobilitet var ein av planane som var foreslått. I uttalen peika Alver kommune på at vi ønsker å vere kobla tett på prosessen og at dette er ein plan som vil ha stor tyding for kommunane si arealutvikling. I saka peika kommunedirektøren på at følgjande tema burde vere ein del av den vidare planprosessen:

- Konkretisering og tydeleggjering av tema i planprogram for planen
- Drøfting av planane sin verknad for det kommunale handlingsrommet
- Tett samarbeid med kommunen

Partar

Alver kommune er høyringspart i saka.

Vurdering

Planprogrammet peiker på at planen skal gje rammer og retning for korleis areal og mobilitet skal utviklast i fylket.

Planen skal gje retning for eit utbyggingsmønster og senterstruktur som er samordna med infrastruktur for mobilitet, energi og tenester. Det vil bli utarbeida differensierte retningslinjer for arealbruk som sikrar utvikling i heile fylket. Planarbeidet skal og vurdere behovet for regionale planføresegner. Ein del av planarbeidet er å sikre samordning mellom stat, fylkeskommune og kommunar. Planarbeidet skal vurdere planføresegner knytt til retningslinjer for arealbruk som skal ivareta nasjonale eller regionale omsyn og interesser, desse er juridisk bindande og tidsavgrensa jf. plan og bygningslova § 8-5.

Plantema transport, gods og logistikk

Planarbeidet skal utvikle strategiar og retningslinjer for korleis transportsystem, regional utvikling og senterstruktur kan bli samordna. Det skal utviklast prinsipp og strategiar for prioriteringar i transportsystemet. Planen skal definere hovudstruktur for vegnettet i Vestland og definere hovudstruktur for kollektivnettet, basert på vedtekne føringar. Dette skal bli sett i samanheng med rammer for framtidig arealbruk.

Planen skal utvikle strategiar og retningslinjer for lokalisering, funksjon og samspel mellom sentrale hamner, logistikknutepunkt, transportsystem og anna arealbruk. Det skal utviklast strategiar for beredskap og forsyningstryggleik.

Fylkeskommunen definerer mobilitet som *eit breitt omgrep som handlar om tilgangen folk har til å nå aktivitetar, tenester og målpunkt uavhengig av transportmiddel*. Vidare vert det lagt vekt på at målet ikkje nødvendigvis er å transportere meir, men å gjere det lettare for folk å leve liva sine med minst mogleg behov for lange reiser og med lågt klimafotavtrykk.

Difor er det sentralt å sjå areal og mobilitet i samanheng, slik fylkeskommunen her legg opp til - arealpolitikken skapar transportbehova og mobilitetspolitikken dekkar dei.

Tilgjengelighetsanalyser som viser ser busettingsmønster opp mot tilgang til offentlege og private tenester, samt andre mål punkt bør vera ein del av kunnskapsgrunnlaget i det vidare arbeidet.

Alver kommune er samde i at det bør byggast vidare på hovudmålet for gjeldande RTP i det vidare arbeidet, då dette er med på å gje kontinuitet til arbeidet.

Fylkesveg

Alver er ein kommune med store avstandar, med befolkningskonsentrasjon rundt dei tidlegare kommunesentera, øvrige lokalsenter og tettstader. Fylkesvegane er bindeledda mellom folk og tettstader i kommunen. Å sikre at fylkesvegane er trygge og med god framkomst er derfor svært viktig for Alver kommune. Vi trur punkta fylkeskommunen legg fram for planarbeidet vil bidra til dette. I ein kommune med mange smale fylkesvegar og mykje tungtrafikk vil me og be om at beredskap får ein viktig plass i strategiar og retningslinjer, då med tanke på kritiske punkt for framkomst i ein krisesituasjon.

Vi er positive til å sjå på enklare løysingar der dette kan vera hensiktsmessig for å sikra framdrift og realisering av prosjekt, og nøktern bruk av offentlege midlar.

Mjuke trafikantar

Vegane er ofte smale, og vi har mange bruer og tunellar som berre er lagt til rette for motorkøyreretøy skriv fylkeskommunen i delkapittelet om mjuke trafikantar. Dette er beskrivande for både delar av vegnettet i Alver og for ein viktig barriere for å sykle og gå. Det må vera trygt å velje sykkel, og ikkje minst for at folk skal la ungane sykla og gå til skule, fotballtrening og venebesøk.

Det er rett at det kan vera ressurskrevjande å etablere trygge og effektive løysingar for mjuke trafikantar. I eit folkehelseperspektiv viser likevel tal frå Helsedirektoratet¹ at å legge til rette for meir aktivitet i befolkninga har stor samfunnøkonomisk verdi.

Folkehelseperspektivet må vektleggast i det vidare arbeidet, i tråd med fylkeskommunens ansvar for folkehelse.

¹ <https://www.helsedirektoratet.no/forebygging-diagnose-og-behandling/forebygging-og-levevaner/fysisk-aktivitet/kalkulator-helseeffekter-av-fysisk-aktivitet>

Det er sjølvsagt riktig å *prioritere gang- og sykkelveggar med høgt brukspotensial, og i nye prinsipp og strategiar som fylkeskommunen skal utvikle*. Kva som er høgt brukspotensial i denne samanhengen må vera relativt til befolkninga i den enkelte kommune/region.

Kollektivtransport

Alver kommune ser det som hensiktsmessig å utvikle differensierte prinsipp for kollektivtilbod i ulike deler av fylket, og især det fylkeskommunen skriv om forholdet mellom kollektivtransport og biltrafikk. I byar og tettbygde strok er arealknapphet, køproblematikk og luftforureining store utfordringar knytt til bilbruk. Det er derfor behov for kraftigare verkemiddel enn det er i distrikta.

Når ein skal utvikle prinsipp og retningslinjer for kollektivtransporten vil Alver kommune oppfordre til å tenke heilskapleg på transporttilbodet, og sjå på alternative løysingar for å dekke mobilitetsbehovet til folk i distrikta. Er det til dømes noko å hente på å sjå meir av den offentleg betalte transporten i samanheng? Kan stive ruter med lågt belegg erstattast av bestillingsruter? Kan samkøyring spele ei større rolle i transportmiksen? Vidare er det sentralt å kollektivtilbodet i samanheng med strategiane for mjuke trafikantar.

Alver kommune har fleire områder og strekningar som kan eigna seg for pilotering av nye løysingar, og har gjerne dialog med fylkeskommunen om dette.

Nasjonale ansvarsområde

Samferdselsministeren har eit sektoransvar for heile transportsektoren. Dette gjeld og dei delane av sektoren som er delegert til andre forvaltningsnivå.

Det er stort behov for å gje den fylkeskommunale og kommunale delen av transportsektoren ei større rolle i arbeidet med nasjonal transportplan. Folk flest er meir opptatt av å kome seg fram, trygt og effektivt enn kva del av forvaltninga som har ansvar for vegen eller transportforma dei nyttar. Dette bør gjenspeilast i nasjonal transportplan, som bør vera meir enn ein plan for dei statlege delane av transportsektoren.

Det er og godt dokumentert at kostnadsutviklinga i mellom anna kollektivsektoren har vore langt høgare enn kommunal deflator dei seinaste åra. Dei regionale forventningane til nasjonale prioriteringar bør sjå nærare på korleis enn kan sikre ein føreseieleg finansiering for (fylkes)kommunal sektor.

Plantema senterstruktur

Planarbeidet skal peike ut regionsenter basert på kriterium som: Befolkningsgrunnlag, reisetid, tilgjengelegheit, arbeidsmarknadsfunksjon og pendlingsomland. Det er behov for å utforme ein regional senterstruktur i Vestland basert på felles og oppdaterte kriteria.

Regionsenter Knarvik må framleis vere regionsenter for Nordhordlandskommunane. Her er det mange planer for utvikling og det er bygd opp ein robust infrastruktur som gjev tenester til heile Nordhordland.

Vidare seier planprogrammet at planen skal avklare roller og funksjonar for dei ulike sentra i Vestland. Her står det at planen skal *«vurdere å inndelegge kommunane i kategoriar med ulike mogelegheiter, føringar og strategiar basert på følgjande kriteria: Kommunestorleik (befolkning) Grad av utbyggingspress. Tilgjengelegheit og nærleik til større byområde eller regionsenter»*

Dette punktet bør tydeleggjerast. Kva betyr dette for kommunane og kva føringar blir lagt i tema? Alver kommune er ein areal og folketalsmessig stor kommune med ein variert utbyggingsstruktur. Her er det spreidde bygder, lokal og nærsenter. Det er tett befolkning i aksen Alversund-Knarvik- Frekhaug mot Bergen. Det er litt utydeleg kva som er målet for å gjere denne vurderinga kommunevis. Det burde også vore ei vurdering på ulike retningslinjer innan i kommunane, mange kommunar i Vestland er som Alver, variert og har ulike utfordringar knytt til arealbruk.

Plantema berekraftig arealforvaltning:

Planarbeidet skal utvikle strategiar og retningslinjer for å samordna arealbruk og infrastruktur og transportløyser og stimulere til transformasjon og gjenbruk av areal.

Det skal utviklast retningslinjer for lokalisering og utbygging av næring, handel, tenester, fritidsbustader og besøksaktivitetar. Det skal gjerast ei vurdering i gjeldande føresegnar for handel som verkemiddel.

Det skal utviklast retningslinjer som sikrar omsynet til matjord, naturmangfald, friluftsliv, strandsone og eksisterande infrastruktur.

Planen skal utvikle strategiar som sikrar at samfunnssikkerheit og beredskap er ein del av vurderingane ved planlegging av nye eller utvida bruk av område til næring, handel og tenester.

Planen skal utvikle retningslinjer for utvikling av sosialt berekraftige bustader, tilpassa ulike behov, livsfasar og lokale forhold

Planen skal styrke kunnskapsgrunnlaget og bevisstgjerings om kulturmiljø som ressurs for stadutvikling, reiseliv og identitet i både byar og bygder.

Alver kommune skal legge den regionale planen som grunnlag for si planlegging. Planen bør tydeleggjer dei ulike tiltaka på ein måte og få fram kva det ligg i omgrepa strategiar og retningslinjer. Kva vil retningslinjer som sikrar omsynet til matjord, naturmangfald, friluftsliv, strandsone og eksisterande infrastruktur bety for arealforvaltninga? Omsyn til alle desse tema er ein sentral del av arealplanlegginga i Alver. Vi har behov for at planen sin verknad på tema vert tydelegare.

Dette planarbeidet sine plantema er å samanlikna med ein kommunal arealplan sine tema. Det er ei utfordring for planar og planlegging i dag, at det er svært omfattande planprosessar og kommunar opplever at dei har lite politisk handlingsrom i prosessen. Det er statlege planretningslinjer og nasjonal forventningar som tek i seg mange av desse tema som og fylkeskommunen skal arbeide med i sin plan. Jordvern, naturmangfald, fortetting og

gjenbruk av areal, sjøareal, strandsone og vassforvaltning er tema i all kommunal planlegging og er også viktige dialogpunkt med statsforvalter. Det er ei utfordring at det vert lagt opp til planføresegn som skal gje retningslinjer til arealbruk. Dette tema må spissast i planarbeidet. Det må tydeleggjerast kva arealbruk som er tema, og kvar grensa går mellom statlege føringar og kommunen sitt handlingsrom etter plan og bygningslova.

Det skal gjerast ei vurdering i gjeldande føresegner for handel som verkemiddel. Det er positivt at gjeldande føresegn for handel vert vurdert på nytt. Mykje har endra seg med omsyn til senterstruktur og handel sidan desse vert vedtekne.

Planen skal styrke kunnskapsgrunnlaget og bevisstgjeringa om kulturmiljø som ressurs. Det er positivt at det vert arbeida med eit tverrfagleg kunnskapsgrunnlag innan fleire fagområde som til dømes kulturverdiar i fylke. Her kan vi og peike på gode verktøy som arealrekneskap som vestland fylke har bidratt inn i kommunane sitt planarbeid. Dette er gode nyttige verktøy som og bidreg til at kommunen sine planer vert betre.

Kommunedirektøren si tilråding

Høyringsuttalen frå Alver:

Alver kommune støtter at det vert utarbeida ein ny plan for arealbruk og mobilitet. Det må likevel understrekast at det er ei utfordring at det er svært mange problemstillingar som skal løysast i ein plan.

Det er viktig å sjå samanhengar i arealbruk og mobilitet, men slik vi les plantema er det for omfattande å ta alt dette med i eit planarbeid. Alver meiner at det vil vere meir tydleg at planprogrammet var spissa med konkrete tema og at måla for planarbeidet vert redusert.

Alver kommune ønsker også ei drøfting på kva planen vil bety for det kommunale handlingsrommet. Kva er planen sin verknad? Det er forskjell på strategiar, kunnskapsgrunnlag og retningslinjer. Særleg er det behov for å tydeleggjere kva retningslinjer betyr i denne plansamanheng.

Plantema mobilitet og transport

Når det gjeld plantema mobilitet og transport er Alver kommune i det store og heile positiv til det fylkeskommunen legg fram i høyringsutkastet. Fylkeskommunen skriv at det er rett å *prioritere gang- og sykkelveggar med høgt brukspotensial, og i nye prinsipp og strategiar som fylkeskommunen skal utvikle*. Kva som er høgt brukspotensial i denne samanhengen må vera relativt til befolkninga i den enkelte kommune/region.

Innan området kollektivtransport har Alver kommune har fleire områder og strekningar som kan eigna seg for pilotering av nye løysingar, og vi har gjerne dialog med fylkeskommunen om dette.

Plantema arealbruk

Alver kommune støtter målet om at denne planen skal slå fast ein senterstruktur for Vestland. Det er ein føresetnad at Knarvik framleis er regionsenter i Nordhordland.

Det meir utydleg kva det ligg i at planen skal sette rammer for: «*forvaltning av naturressursar og landskap, inkludert jord, mineral og massar og strandsoner.*» Desse tema er det kommunane som har ansvar for i sitt arbeid. Det ligg også rammer og føringar i Nasjonale forventingar til planlegging, i dei ulike statlege planretningslinjer og lovverket.

Vi vil minne om at det er kommunane som er planmynde, som har ansvar for arealbruk og kjenner best sine utfordringar. Det er difor svært viktig at planprogrammet slår fast kva det ligg i at planen skal sette rammene for arealbruk. Dette er ein plan som vil ha stor tyding for samfunnsutviklinga i Alver.

Kommunen har først og fremst ikkje behov for meir retningslinjer og føringar, men kunnskapsgrunnlag gjerne på tvers av kommunegrenser, kompetansebidrag inn i planprosessar og at vi saman arbeider med nye måter å planlegge på, gjerne over kommunegrenser i felles interkommunale planer.

Slik planprogrammet framstår er det eit dokument med mange og ulike forventingar knytt til plantema, då vil vere utfordrande at dette skal vere eit verktøy for berekraftig utvikling i Vestland, slik vi ønsker regionale planer skal vere.

Medverknad

Det er avgjerande at kommunane er reelt involvert i planarbeidet, gjerne i form av arbeidsgrupper og mindre fysiske møter. Det har vore digitale møter for å presentere planen, men i slike fora er det krevjande å få god dialog og ulike synspunkt fram. Alver kommune er ein stor kommune nært Bergen, med variert geografi og ulike problemstillingar knytt areal og mobilitet. Vi vil gjerne bidra inn i dette planarbeidet.

Vedlegg

- 1 Høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland.pdf
- 2 Vedtatt høyringsutkast planprogram RAM FU.pdf